



Trekløver på Landsmøtet og 100-års jubileum: Judith (t.v), Åshild og Dagrun Johanne.

Foto: Synøve Eriksen Vadøy/NH

Årsmelding 2010

Skípa 1910

MEDLEMMER

■ Direkte medlemmer	: ca. 24 000 medlemmer
■ Fylkeshusflidslag	: 19
■ Lokallag	: ca. 370
■ Husflidhandverkarlag	: 7
■ Husflidsutsal	: 37

Indirekte medlemmer gjennom kollektivt medlemskap:

- lag med husflid på programmet sitt, hovudsak husmorlag og bygdekvinnelag
- skular, museum og andre organisasjonar

LANDSMØTET

Fylkeshusflidslaga, husflidsutsala og fylkeshusflidshandverkarlaga har utsendingar med stemmerett på landsmøtet.

Landsmøtet er Norges Husflidslag si høgste myndigheit. Landsmøtet skal no, etter vedtektsending for NH i år 2000, haldast annakvart år, og ikkje kvart år som tidlegare.

STYRET I NORGES HUSFLIDSLAG (NH)

Norges Husflidslag vert leia av eit styre på 7 medlemmer med personlege varamenn valde av landsmøtet.

SEKRETARIATET

Sekretariatet har adm. direktør og 9 medarbeidarar (i heil- og deltidstillingar) som tek seg av:

- **Synleggjering – Organisasjonsutvikling**
- **Kompetanseheving – Fellesteneste**

Sekretariatet sine generelle arbeidsoppgåver:

Husflidskonsulenttenesta (11 i talet), Vaksenopplæringa, Norsk Husflid, Internasjonalt samarbeid.



Skípa 1969

MEDLEMMER

Direkte medlemmer : **678**; vaksne: 548, born/ungdom: 130
17 lokallag

ÅRSMØTE

Utsendingar frå lokallaga.

STYRET

Lagleiar og 4 medlemmer valde av årsmøtet.

SEKRETÆR

Sekretær i halv stilling.

KONTORSTAD

Igelkjøn, Flekke.

HUSFLIDEN BERGEN A/S

Sogn og Fjordane Husflidslag er medeigar i Husfliden Bergen A/S. Selskapet vart omdanna til aksjeselskap med verknad frå 1. januar 1996, og tok namnet Husfliden Bergen A/S. Aksjeeigarane er Hordaland- og Sogn og Fjordane Husflidslag med likt medeigarskap.

Med i styret for Husfliden Bergen A/S:

- Kari Larsen - Florø Husflidslag
- Norunn Befring Hjellbrekke - Midtre Sunnfjord Husflidslag

Valnemnda for Husfliden Bergen A/S:

- Dagrún Johanne Hesjevoll - Sogn og Fjordane
- Britt Mari Gjerde Hesjedal - Hordaland
- Anne Grete Istad - Husfliden Bergen A/S

Årsmelding 2010

INNLEIING

Styret for Sogn og Fjordane Husflidslag har 5 faste medlemmer; lagleiar, nestleiar, studieleiar og to styremedlemmer.

STYRESAMANSETJING 2010

Lagleiar : Dagrun Johanne Hesjevoll, Jostedal
Nestleiar : Norunn Befring Hjellbrekke, Vassenden
Studieleiar : Åshild Dombestein, Davik
Styremedlem : Britt Midtbø, Rugsund
Styremedlem : Marit Andersen, Førde

1. varamedlem : Ragnhild Hukset, Førde
2. varamedlem : Bodil Johnson, Nordfjordeid
3. varamedlem : Torill Bruvik, Aurland

SEKRETÆRORDNING

Sogn og Fjordane Husflidslag har sekretær i 50 % stilling.
Dagrun Ylvisåker Igelkjøn har denne funksjonen.

STYREMØTE

Sogn og Fjordane Husflidslag har i meldingsåret hatt 6 styremøte. Styret har handsama 21 saker.
Det tredje møtet vart halde på Skei Servicesenter, dei andre vart haldne pr. telefon.

1. varamedlem har delteke fast på styremøta. Dei andre vararepresentantane har fått tilsendt innkalling og referat.

ØKONOMI

Sogn og Fjordane Husflidslag søker kvart år om driftstilskot frå
Sogn og Fjordane Fylkeskommune v/Fylkeskulturdirektøren
Tilskot drift 2010 **kr. 180 000,00**

Sparebanken Sogn og Fjordane, gåve **kr. 10 000,00**
Luster Sparebank, gåve **kr. 3 000,00**
Styret takkar for god støtte!

Medlemskontingenten, refusjon **kr. 39 512,00**
Medlemstalet i år er **678** mot 781 i fjor.
Husfliden Bergen A/S, aksjeutbytte **kr. 5 000,00**

Årsresultatet viser eit underskot på kr. -65 051,30

ÅRSMØTET 2010

Årsmøtet vart halde på Quality Sogndal Hotel, Sogndal, 5. – 7. mars. I alt 24 personar deltok; 21 med stemmerett, 2 observatørar og 1 gjest.

Fredag 5. mars:

Vi starta samlinga med felles middag. Deretter ønskte leiaren, Dagrun Johanne Hesjevoll, deltakarane velkommen til årsmøtesamlinga.

På agendaen for kvelden var 100-års aktivitet; tøflar og hjarte – under leiing av styremedlemmene Marianne Nesse og Åshild Dombestein.

Leiaren forklarte innleiingsvis om tanken bak desse aktivitetane:

- Varme, tova tøflar til fylkeskulturkontoret – eit styreprosjekt
- Hjarte; i alle variantar tekstil eller tre – aktivitetsforslag til lokallaga; gi hjarte til sjukehusa våre med tanke på "Barn gleder barn"

Deltakarane kosa seg med aktivitetane, prata og vart kjende med andre deltakarar. Metervis av "tøflelappar" og mange, fine hjarte vart produserte.

Laurdag 6. mars:

Etter ein lang og god frukost, fekk deltakarane fortsetje der dei slapp fredag kveld. Og det vart ein fin føremiddag med 100-års aktivitetane.

Etter aktivitetane var det duka for vandring i "Fjøra" – og med besøk i "Galleri krydder". Ein spennande butikk med produkt i ymse variantar; glas, keramikk, smykke, tekstilar med meir.

Tilbake til hotellet fekk forsamlinga servert - i ord og bilete - Marit Andersen og dottera Guro Andersen Hundvebakke sine opplevingar på Nordisk Husflidslair i Skjern, Danmark, sist sommar. Denne leiren, som i 2010 vart arrangert i Norge og Skiringssal Folkehøyskole i Sandefjord 4. – 10. juli, har eit flott og spennande tilbod for alle; born, foreldre og besteforeldre.

Etter lunsj var det duka for årsmøtesakene – med administrerende direktør i Norges Husflidslag, Marit Jacobsen, tilstades.

Laurdagskvelden var det festmiddag inkludert flott underholdning av 13 år gamle Mathilde Skjæret på fele og læreren hennar, Harald Hesjevoll, på trekkspel.

Til kaffien vart det servert nydeleg marsipankake, ei helsing frå 100-års jubilaranten Norges Husflidslag.

Kvelden vart avslutta med lotteri og sosialt samvær i salongen, der det også var høve til ein svingom for dei som ønskte det.

DELTAKARAR PÅ ÅRSMØTET

Frå styret var desse til stades:

- Dagrun Johanne Hesjevoll, leiar
- Norunn Befring Hjellbrekke
- Åshild Dombestein
- Marianne Nesse

VAL

Til styret vart desse valde:

Lagleiar, 1 år	: Dagrun Johanne Hesjevoll	- attval
Styremedlem, 2 år	: Åshild Dombestein	- attval
Styremedlem, 2 år	: Marit Andersen	- ny

2. varamedlem, 2 år	: Bodil Johnson	- attval
---------------------	-----------------	----------

Valnemnd 2011:

Ellen Skaug Døskeland	: Midtre Sunnfjord Husflidslag	- ny
Else Moen	: Luster Husflidslag	- ikkje på val
Berit Lotsberg	: Eid Husflidslag	- ikkje på val

Revisor:

Gunnar Råheim, Viksdalen

REPRESENTASJON

- 09.03.10: Sogndal
- **Dagrun Johanne Hesjevoll: Ekstraordinært årsmøte Sogndal Husflidslag**
- 27.04.10: Bergen
Dagrun Johanne Hesjevoll, Norunn Befring Hjellbrekke:
Generalforsamling Husfliden Bergen AS
- 28.05 – 29.05.10: Bergen
Dagrun Johanne Hesjevoll, Norunn Befring Hjellbrekke, Bjørg Hovland, Inger Marie Sægrov: 100-års markering
- 10.06.10: Oslo
Dagrun Johanne Hesjevoll: Fylkesleiersamling
- 10.06 – 13.06.10: Oslo
Dagrun Johanne Hesjevoll, Åshild Dombestein, Judith Olsen Bjørlo: Landsmøtet

- 17.09.10: Eldalstunet, Viksdalen
Dagrun Johanne Hesjevoll: *30-års jubileum Midtre Sunnfjord Husflidslag*
- 29.10 – 31.10.10: Stavanger
Dagrun Johanne Hesjevoll og Dagrun Ylvisåker Igelkjøn: *Fylkesleiarsamling*
- 15. – 16.11.10: Førde
Dagrun Johanne Hesjevoll: *Samarbeidsmøte fylkeskommunen/NH*
Planleggingsmøte med NH
- 30.11.10: Leikanger
Dagrun Johanne Hesjevoll og Norunn Befring Hjellbrekke: *Overrekking av tøflar til fylkeskulturpolitikarane*
- Heile året:
Dagrun Johanne Hesjevoll: *Diverse møte i Arbeidsutvalet for fylkesleiarar (AU)*
- Heile året:
Norunn Befring Hjellbrekke: *Delteke på styremøte i Husfliden Bergen AS (SFH sin representant)*
- Heile året:
Dagrun Johanne Hesjevoll: *Diverse samarbeidsmøte med Husflidskonsulenten*

AKTIVITETAR GJENNOM ÅRET

For å følge opp målsetjingane i arbeidsplanen har styret arbeidd med følgjande:

- ÅRSMØTE m/samling, Sogndal, 5. – 7. mars
- MEDLEMSBLAD
- 100-ÅRS MARKERINGAR:
 - BERGEN
 - TØFLEPROSJEKT
 - "BARN GLEDER BARN"

100-ÅRS MARKERINGAR:

○ **BERGEN**

27. – 29. mai markerte fylkeslaget 100-års jubileet saman med butikken vår, Husfliden Bergen, Hordaland Husflidslag og konsulentane frå begge fylka.

Markeringa føregjekk i og ved Husfliden Bergen.

Leiaren, Dagrun Johanne Hesjevoll, Bjørg Hovland, Norunn Hjellbrekke, Inger Marie Sægrov og Husflidskonsulenten, Synøve Eriksen Vadøy, var med på markeringa.

Jubileumsmarkeringa starta **torsdag 27. mai med strikking**. Det vart demonstrert ulike teknikkar, både enkle for folk som ikkje kunne strikke og utfordringar for dei som var meir erfarne.

Butikken hadde fokus på strikk og garn og hadde laga garnpakker med enkle oppskrifter.
Ein del folk var innom - og dei vanskelegaste teknikkane var mest interessante.

Fredag var det borna sin dag.

Det vart laga hoppetau i lange baner og fletta snorer. Og borna var ivrige og lærevillige...

Laurdag var det bunadsdag.

8 jenter vart kledde opp i bunad og plasserte utanfor butikken for å bli pynta med brudesølv.

Frå Sogn og Fjordane deltok Bjørg Hovland med Lustrasølv og Inger Marie Sægrov pynta ei Jølstrabrud med Grovasølv.

Mange interesserte tilskodarar fekk orientering om kvar brudesølv kom frå av ei alltid engasjert Torild frå Hordaland Husflidslag.

Dei flotte brudene spaserte rundt området og vekte stor merksemd og beundring. Media var tilstades – og bladet "Bunad" hadde ein flott reportasje om brudene.

Norunn Hjellbrekke demonstrerte fingring av sokkeband, eller pøsing som ho kallar det.

○ ***HUSFLIDSHANDVERKARANE***

I jubileumsåret fekk ein handverkar utstillingsplass/marknadsføring i Husfliden Bergen kvar månad.

○ ***TØFLEPROSJEKT***

Tysdag 30. november besøkte leiaren, Dagrún Johanne Hesjevoll, og nestleiaren Norunn Befring Hjellbrekke, fylkeskulturpolitikarane i møtet deira på Leikanger, og overrekte i alt 10 par tova tøflar. "Seansen" vart eit morosamt innslag og Sogn Avis, som var tilstades, laga ein flott artikkel om dette. Tøflane, som var styret sitt prosjekt i 100-markeringa, vart svært godt mottekne – og innslaget har fått flotte tilbakemeldingar!

○ ***"BARN GLEDER BARN"***

"Hjarteuro", med hjarte laga av lokallag og styret, var gåve til Barneavdelinga på Sentralsjukehuset. På grunn av tidsnaud før jul fann ikkje overrekkinga stad før ut på nyåret.

LANDSMØTET I OSLO

Som ei markering av 100-årsjubileet under Landsmøtet i Oslo, var Spikarsuppa arena for fylkeslaga å vise fram sine aktivitetar for publikum. Sogn og Fjordane hadde fått tildelt fletting av snorer, så utsendingane våre saman med konsulenten var i aktivitet med dette på laurdag.

"Ung Husflid" stilte ut 112 "Barn gleder barn tepper" og også våre lokallag/medlemmar bidrog med mange tepper.

Butikken vår Husfliden Bergen, deltok på utstilling på Grand Hotell

NH OG STATOIL

har gåande eit samarbeid kalla "Morgondagens heltar lagar morgondagens kulturarv". Dette med bakgrunn i at Statoil "knabba" logoen til NH. I samband med dette er det laga ei utstilling "Morgondagens kulturarv" på Hadeland Glassverk. Handverkar Oddlaug Fonn Skaar, frå fylket vårt, er med her.

FOLK SOGN OG FJORDANE

Det har vore jobba med å opprette eit styre for FOLK (folkekulturforbundet) i Sogn og Fjordane.

Rett før jul vart det klart at Synøve Eriksen Vadøy og Dagrun Ylvisåker Igelkjøn vert med i dette styret. Dei skal ha første møte saman med FOLK og SOFUL i januar 2011.

KURS

Det var planlagt 3 kurs i samband med medarbeidarsamlinga, som diverre ikkje fekk nok påmeldingar til å kunne arrangerast.

AKTIVITETSSTIPEND

Fylkesstyret mottok 1 søknad til aktivitetsstipendet i meldingsåret.

MEDLEMSINFO

Medlemsbladet vart utsendt i år etter god innsats frå styret og sekretæren, Husflidskonsulenten og lokallaga våre.

HUSFLIDSDAGEN

Husflidsdagen gjekk av stabelen 13. september.

Tema var: 100-års jubileet.

Dei lokale arrangementa var det lokallaga sjølve som hadde ansvaret for.

SLUTTORD

2010 har vore prega av at organisasjonen feira 100 år.

Mange av lokallaga har markert det godt med flotte, ulike arrangement.

Me takkar medlemane for innsatsen med jubileumsfeiringa og for arbeidet med husflidssaker generelt.


Lukke til med arbeidet i 2011.

STYRET TAKKAR

- Fylkeskulturetaten i Sogn og Fjordane
- Lokallaga
- Husflidskonsulenten i Sogn og Fjordane
- Husfliden Bergen A/S
- Hordaland Husflidslag
- Norges Husflidslag

for godt samarbeid i 2010!

Flekkje 14. januar 2011



Dagnun Johanne Hesjevoll
- leiar -



Norunn Befring Hjellbrekke
- styremedlem -



Åshild Dombestein
- styremedlem -



Britt Midtbø
- styremedlem -



Marit Andersen
- styremedlem -

Sogn og Fjordane Husflidslag har disse hjelpemidla til utlån pr. 31.12.10

LYSBILETESERIE MED FØLGJANDE INNHOLD:

- Fylkeshusflidsmønstringa i Førde, 19. – 21. september 1986.
- Husflidsutstillinga "Dekor på tre og klær", Nordens Hus, Torshavn, Færøyane, august 1986 – med tekst.
- Nordisk husflidsutstilling under det 19. nordiske husflidstinget i Kuopio, Finland, 1. – 4. juli 1986.
- Broderiutstillinga "Broderi på kle", Sunnfjord Museum, september 1986 – med tekst.
- Kursveke med heile familien, Heimeyrkeskulen i Jølster, 1983.
- Norges Husflidslag sitt landsmøte 1984.
- Medarbeidarkurset 1984, Vassenden, Jølster.
- Det 18. nordiske husflidstinget i Danmark, 1982.
- Det 20. nordiske husflidsting, 4. – 6. juli 1989, Sunne i Värmland, Sverige.
- Det 21. nordiske husflidsting, 29. juni – 2. juli 1992, Reykjavik, Island.
- "Puter til Pryd og Nytte", 1. juli – 22. august 1990. Utstillinga på Maihaugen - og alle 30 putene som vart uttekne frå fylket vårt. I tillegg register med bilete over 150 innsamla puter i Sogn og Fjordane.
- Medarbeidarsamlinga 1990, Heimeyrkeskulen i Jølster.
- Medarbeidarsamlinga 1991, Heimeyrkeskulen i Jølster.
- "O jul med din glede". Frå utstillinga på Maihaugen 22. juni – 18. august 1991. Og alle tinga som kom inn til SFH. I tillegg register over alle dei 61 tinga som vart innsamla her i fylket.
- Vandreutstillinga "Flid & Flørt", i Bergen 1995.

VIDEO:

- Knipling for barn, produsert for Akershus fylkeshusflidslag.
- Toving for barn, produsert for Akershus fylkeshusflidslag.

Sogn og Fjordane Husflidslag eig og ei knivsamling – oppbevart på Sunnfjord Museum, Movika, Førde

- 3 utstillingskassar som viser knivproduksjon
- Registreringspermar med bilete
- 3 lysbiletseriar
- Bøker om kniv

Lokallag tilslutta Sogn og Fjordane Husflidslag

Medlemstal er betalte medlemmer pr. 31.12.10:

	<i>Tal medlemmer:</i>
Aurland Husflidslag	34, herav 3 barn/ungdom
Borgund Husflidslag	12
Davik og omegn Husflidslag	39, herav 20 born/ungdom
Eid Husflidslag	37, herav 10 born/ungdom
Florø Husflidslag	121, herav 13 born/ungdom
Hyllestad og Høyanger Husflidslag	6
Kjerringa Husflidslag	51, herav 14 born/ungdom
Leikanger Husflidslag	5
Luster Husflidslag	73, herav 7 born/ungdom
Lærdal Husflidslag	35
Midtre Sunnfjord Husflidslag	96, herav 22 born/ungdom
Sogndal Husflidslag	29, herav 1 born/ungdom
Stryn Husflidslag	6
Svelgen og omegn Husflidslag	41, herav 13 born/ungdom
Vik Husflidslag	41, herav 26 born/ungdom
Ytre Gulen Husflidslag	20
Årdal Husflidslag	22, herav 1 born/ungdom